



Ida Amalie Sæbø Thomassen
Vardane 15C
5911 ALVERSUND

Referansar:

Dykkar:

Vår: 15/1771 - 15/11190

Saksbehandlar:

Katarina Birkeland

katarina.birkeland@radoy.kommune.no

Dato:

21.09.2015

Informasjon om årets barne og ungdomskonferanse

Radøy kommune skal saman med barne-, ungdoms - og familiedirektoratet arrangere årets barne- og ungdomskonferanse på Scandic Ørnen i Bergen 2 og 3 november.

Konferansen er for ungdom, ungdomsråd, politikarar, lag og organisasjonar og andre som arbeider med born og unge. Tema for konferansen er utanforskap, livsmeistring og deltaking! Forfattar [Tore Renberg](#), poet og politikar [Yahya Hassan](#), forfattar [Linnèa Myhre](#), verdenserobrar [Samuel Massie](#) og ungdomspolitikar [Fatima Almanea](#) kjem.

Ida Thomassen er vald ut som ung arrangør på konferansen både måndag og tysdag. Ungdomskoordinatoren lager eit skriv som Ida viser på skulen om deltakinga.

Det er vald ut 11 ungdommar som unge arrangørar og konferansierar frå Radøy. Me reiser samla til Bergen søndag 31.oktober. Meir informasjon om reisa fram og tilbake kjem seinare. Ungdommane får dekkja hotellopphald og mat under heile opphaldet. Ungdomskoordinator Katarina Birkeland og kulturrådgevar Bente Hervik er tilstade er med ungdommane frå søndag til tysdag.

For meir informasjon sjå linka til konferansen:

<https://viaregi.revio.no/ParticipantWeb/Registration/43183>

Ta kontakt ved eventuelle spørsmål til Katarina på mob: 90696931

Med helsing

Katarina Birkeland
ungdomskoordinator

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ida Amalie Sæbø Thomassen

Vardane 15C

5911

ALVERSUND